



AVTALE OM LEIGE AV TOMT – KNARVIK STADION

1 UMLEIGAR

Namn: Alver kommune
Org. nr: 920 290 922
Kontaktperson: Berit Eskeland
E-post: Berit.Eskeland@alver.kommune.no

2 LEIGETAKAR

Namn: FIL AKS-77
Org. nr: 993 641 782
Kontaktperson: Einar Nielsen
E-post: leder@aks77.no

3 EIGEDOMEN

Adresse: Kvernhusaugane 24, 5914 ISDALSSSTØ
Gnr Bnr: 185/152

4 TOMTA

Tomta er 72 m² og er vist på vedlagt teikning, **Bilag 1**.

5 TOMTA

Føremålet med leigeforholdet er at leigetakar får leige tomt til å oppføre eit bygg som skal nyttast til treningslokale og lager. Bygget må vere i samsvar med godkjent byggesøknad, sak 20/1888.

Dersom leigetakar ikkje får godkjenning av Alver kommune til å sette opp bygget, fell denne avtala bort.

6 LEIGEPERIODEN

Leigeperioden løper frå 01.09.2020 til 31.12.2029. Leigeforholdet kan forlengast utover leigeperioden, men vilkåra vil vere avhengig av status på eventuelle planarbeid for Knarvik Stadion. Leigeforholdet kan seiast opp av begge partar i Leigeperioden. Gjensidig oppseiingstid er 6 mnd.

7 LEIGA

Leigetakar får leige tomta vederlagsfritt.

8 LEIGETAKAR SITT ANSVAR

(1) Leigetakar eig og har det heile og fulle ansvaret for bygget som vert plassert på tomta.

(2) Leigetakar må dekke alle kostnader med bygget inkludert straum, og evt. vatn- og avlaup, vedlikehald etc. Leigetakar må ha eige abonnement for straum og evt. vatn- og avlaup.

(3) Oppbevaring utanfor bygget er ikkje tillatt.

(4) Verksemda på Tomta må ikkje sjenere andre brukarar av idrettsanlegget, ved støv, støy, lukt eller på annan måte. Røyking er ikkje tillatt.



(5) Utleigar må sjølv ta hand om avfallet sitt. Det er ikkje tillete å oppbevare avfallsbeholdningar eller avfall utanfor bygninga.

(6) Leigetakar må følgje Alver kommune sitt reglement for bruk av idrettsparken

9 KØYRING TIL TOMTA

Køyring til Tomta er berre tillatt i samband med oppføring/nedtaking av bygget, og ved varelevering. Utleigar viser elles til det ein kvar tid gjeldande reglement for idrettsparken.

10 FORSIKRING

Leigetakar pliktar å halde bygg og inventar forsikra.

11 AVTALEBROT

Ved vesentleg misleghald av leigeavtala kan Utleigar heve denne, og Leigetakar skal da straks fråflytte Tomta.

12 OPPHØYR AV LEIGEFORHOLDET

Leigetakar skal ved opphøyr av leigeforholdet fjerne oppsatt bygg og ringmur på tomta for eigen rekning. Tomta skal tilbakeførast slik den var før leigeforholdet vart oppretta. Leigetakar må dekke alle kostnader med dette.

13 FRAMLEIGE

Framleige av Tomta, heilt eller delvis, er ikkje tillatt.

14 OVERDRAGING

Overdraging av leigeavtalen, heilt eller delvis, er ikkje tillatt utan Utleigar sitt skriftlege førehandssamtykke. Samtykke kan nektast på fritt grunnlag.

15 TVIST

Dersom det oppstår tvist om denne avtala, skal partane først prøve å løyse dette gjennom forhandlingar. I fall forhandlingane ikkje fører fram skal tvisten avgjerast av domstolen. Verneting er Bergen tingrett.

16 BILAG TIL LEIGEAVTALA

Bilag 1: Teikning som viser Tomta

Bilag 2: Godkjent byggesøknad

17 STAD/DATO

Frekhaug den

18 SIGNATUR

Denne leigeavtala er underteikna i to eksemplar, eit til Utleigar og eit til Leigetakar.

Utleigar

Leigetakar

Line Merete Valle
Tenesteleiar Egedomsforvaltning
Alver kommune

Einar Nielsen
Leiar
FIL AKS-77